



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Kjetil Bull Varn
Storgata 2

3950 Brevik

Delegert sak nr. 15/370

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2015/2686	22275/2015	153/31	03.03.2016

153/31 -Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett - ved og redskapsbod

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Bod
TILTAKETS ADRESSE: Svineglupvegen 83, 3864 Rauland
EIGEDOM: Gnr 153 bnr 31 i Vinje
MELDER: Kjetil Bull Varn
TILTAKSHAVAR: Kjetil Bull Varn
BRA (NS 3940): 19,6m²
BYA (NS 3940): 23,6m²

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20070014 Angravli.
Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 2006/486.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 17.11.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 10.11.2015, jf. saksmappenr. (jnr.) 2015/2686-2 med vedlegg.

Naboar er varsla 16.11.2015.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld frittstående uthus for ved og redskap. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Særskilt fylgjeskriv ikkje datert, vedlegg nr. 2.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10 i kapittel 9 og i Avfallsforskrifta.

Handsamlingsgebyr:

Løyve til tiltak – BYA større eller mindre enn 80 m² 4.800,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 19,6 m²/ 23,6 m²

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Krav om handsamlingsgebyr på kr 4.800,- blir ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
Byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.